



Øygarden kommune

# Prosedyrar for saksbehandling

*Øygarden kommune*

*Sist oppdatert 27.12.2011*

øygarden 

# Innholdsfortegnelse

<b>Føremål</b> .....	<b>3</b>
<b>1 Omfang</b> .....	<b>3</b>
<b>2 Rolleskildringar</b> .....	<b>3</b>
2.1 Rollen Leiar i WebSak .....	3
2.2 Rolla saksbehandlar/saksansvarleg i WebSak .....	3
<b>3 DEFINISJONAR</b> .....	<b>4</b>
<b>4 Dokumenttypar</b> .....	<b>6</b>
<b>5 Statuskodar</b> .....	<b>7</b>
5.1 Status arkivsaksnivå .....	7
5.2 Status dokumentnivå (journalpost) .....	7
5.3 Tilgangsbegrensning i WebSak .....	8
<b>6 Dokumentflyt i WebSak</b> .....	<b>8</b>
<b>7 Rutiner for leiarar og stedfortrederar</b> .....	<b>9</b>
7.1 Leiaren sitt ansvar for gradering av dokument .....	9
7.1.1 Framgangsmåte og ansvar for gradering av dokument og saker .....	9
7.2 Restanseoppfølging for eininga .....	9
7.3 Elektronisk godkjenning av dokument.....	10
7.4 Elektronisk godkjenning og vidaresending til neste leiar for godkjenning.....	10
7.5 Elektronisk endring i dokument og ikkje godkjenning. ....	11
7.6 Sende dokument til høyring. ....	11
7.7 Svare på elektronisk høyring/uttale. ....	12
<b>8 Prosedyrar for leiar/saksbehandlar</b> .....	<b>13</b>
8.1 Kontrollrutinar og ansvar ved gjennomgang av ny inngåande post .....	13
8.2 Behandling og oppfølging av inngåande post .....	14
8.2.1 Brev og notat som skal avskrivast, men som ikkje vert svart på skriftleg. ....	14
8.2.2 Brev og notat som vert svart med utgåande brev eller notat .....	15
8.3 Utgåande brev (ekstern mottakar).....	16
8.3.1 Utgåande brev i ny sak.....	16
8.3.2 Utgåande brev i eksisterande sak .....	17
8.4 Sende dokument til godkjenning.....	18
8.5 Når eit dokument ikkje vert godkjent .....	18
8.6 Vedlegg som ikkje er lagra elektronisk.....	19
8.7 Inn og utgåande telefaks .....	20
8.8 Handtering av e-post i WebSak .....	20
8.8.1 Inngåande e-post – vert ikkje innført før ny versjon av WebSak 1. mars 2012....	20
8.8.2 Utgåande brev sendt som e-post .....	21
8.9 Interne notat (intern mottakar) .....	21
8.9.1 Notat i ny sak.....	22
8.9.2 Notat i eksisterande sak .....	22
8.10 Motta og sende kopiar via WebSak.....	23
8.11 Avslutte ein arkivsak .....	24
8.12 Restanseoppfølging .....	24
8.13 Skrive saksframlegg, partsbrev og referere til utval.....	25
8.13.1 Saksbehandling av delegerte saker og utsending av partsbrev (svarbrev).....	25
8.13.2 Saksbehandling av politiske saker og utsending av partsbrev (svarbrev).....	26
8.13.3 Knytte vedlegg til eit sakspapir .....	28
8.13.4 Referere saker til eit politisk utval .....	29
8.14 Fjerne feilregistrerte journalposter frå arkivsaker.....	29
8.15 Flytte journalposter til ei anna arkivsak .....	30
8.16 OBS-dato på arkivsak.....	30
8.17 Presedenssaker .....	31

## **FØREMÅL**

Føremålet med dokument er å:

- Beskrive generelle leiar- og saksbehandlarprosedyrar for bruk av WebSak.

### **1 OMFANG**

Desse prosedyrane gjeld for alle brukarar av WebSak.

### **2 ROLLESKILDRINGAR**

#### **2.1 Rollen Leiar i WebSak**

Leiarfunksjonar vert utøvd av tilsette i leiarstilling, og som er tildelt nestleiarfunksjon eller som har fått spesifisert fullmakt til å ivareta ein eller fleire leiarfunksjonar.

**Leiar** vil generelt ha oppdateringsrettar for alle saker og dokument innan eiga administrative eining. Dei felt som kan oppdaterast, kjem automatisk fram i de enkelte dialogar i systemet. Rolla inneber og å kunne fordele dokument og å skrive dokument på vegne av andre.

Det er viktig at alle leiarar har ein stedfortredar ved. ev. sjukdom, ferier og permisjonar slik at de funksjoner og prosesser som leiar har ansvar for ikkje stopper opp ved slike tilfeller. Pga ein stedfortredarrolla, står mange av punkta i denne rutinehandboka slik: Ansvar: leiar.

#### **2.2 Rolla saksbehandlar/saksansvarleg i WebSak**

Saksbehandlar vil normalt berre kunna oppdatere egne dokument. Saksansvarleg har utvida rettार for alle dokument i saka. For saksbehandlar kjem det klart fram i dei enkelte skjermbilda kva felt som kan oppdaterast.

Det kan vere fleire saksbehandlarar i same sak, men berre ein saksansvarleg.

### 3 DEFINISJONAR

#### **Ofte brukte forkortingar i Saksbehandlarprosedyra:**

SB - Saksbehandlar  
ARK - Arkivtenesta  
LED - Leiar  
SF - Stedfortredar  
MS - Møtesekretær  
RÅD - Rådmann  
ORD - Ordfører

#### **Ofte brukte omgrep i dokument:**

**WebSak** er *kommunens* system for elektronisk journalføring.

**Journalføring** – registrering av opplysningar til eit dokument. Eks. tittel – avs/mot osv.

#### **Saksomgrep**

I forvaltninga vert omgrepet "sak" brukt om eit samanhengande, administrativt begivenhetsforløp som oppstår på grunn av ei henvending utanfrå, eller på initiativ frå verksemda sjølv.

I Noark-4 vert omgrepet "sak" brukt om enkeltdokument som naturleg høyrer saman, og som difor har same saksnummer.

Dersom eit nytt dokument ikkje høyrer til ei eksisterande sak skal arkivtenesta (evt saksbehandlar) oppretta ny sak. Korrekte saksopplysningar skal fyllast ut, og nye dokument knytast til saka.

**Arkivsak** i WebSak består av en eller fleire journalposter med tilhørande dokument som er knytt saman under eit felles saksnummer.

**Journalpost** er registreringa av opplysningar om eit saksdokument med eventuelle vedlegg. I WebSak er en journalpost alltid tilknytt ein (arkiv)sak.

**Dokument/Saksdokument** er brev, notat, sakspapir eller anna medium som lagrar informasjon som er relevant for ei sak. Saksdokument med tilhørande vedlegg, er knytt til ein journalpost.

**Avskriving av restanse** betyr å registrera opplysningar knytt til ein journalpost om når og korleis behandlinga av innhaldet i journalposten er avslutta. Avskriving av ein journalpost gjer at journalposten forsvinn frå restanse og forfallslista.

**Saksbehandlar** er i WebSak-samanheng eit samleomgrep for alle som mottek post, skriv notat, brev, saksframlegg med meir i WebSak.

**Part** er ein person, ei gruppe av personar eller organisasjonar som ei avgjerd i ei sak retter seg mot, eller som saka elles direkte gjeld.

#### **Saksomgrep - saksgang**

#### **Klagesak**

Klage på vedtak – klagebehandling vert oppretta i same sak.

### **Høyringsfråsegn**

Kvar enkelt høyringsfråsegn er eit dokument (ein journalpost) – skal ikkje være vedlegg til journalpost.

### **Samlesaker**

Det kan opprettast samlesaker for arkivuverdig dokumentasjon. Forslag: "Rundskriv – årstal", "innbydingar – årstal" Ei samlesak kan og innhalda diverse dokumentasjon som ikkje fell inn under rundskriv og innbydingar.

### **Interkommunale verksemdar og kommunale selskap**

For fagsakar som vedkjem desse er det oppretta ein eigen arkivdel.

Regionråd Vest og Øygarden VAR.

### **Eksemplar på arkivsaker**

Tilskot til kulturføremål - årleg tildeling med søknadsfrist til fastsett dato  
Utgangspunkt annonse - felles behandling av søknadane

### **Ei sak med sakstittel: Kulturføremål - tilskot 2007**

- Annonse (første journalpost)
- søknad - mellombels svar
- søknad - mellombels svar
- søknad - mellombels svar
- søknad – mellombels svar
- 
- eventuelt delegert eller utvalsbehandling
- endeleg svar
  
- Klagar på dei enkelte vedtak om tildeling, vert behandla i same sak.
  
- Søknader som kjem inn seinare på året etter at saka er avslutta, vert nye saker.

### **Sak med felles behandling og likelydande svarbrev til fleire mottakarar**

- Behandlast som ei arkivsak

### **Same type saker med individuell behandling**

- Behandlast som ei sak pr. hending

**Trefelling** - ei arkivsak pr. år

**Tilsyn med institusjonar** - en arkivsak pr. tenestestad

**Godkjenning av verksemd** - en arkivsak pr. verksemd

## 4 DOKUMENTTYPAR

I WebSak vert følgjande dokumenttypar brukt ved registrering av nye journalposter.

**I-inngåande:** Med inngåande dokument meiner ein alle dokument med eventuelle vedlegg som verksemda mottok, som er arkivverdige og dannar grunnlag for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon.

Inngåande dokument vert registrert av sentralarkivet.

**U-utgåande:** Med utgåande dokument meiner ein alle dokument med eventuelle vedlegg som vert produsert av verksemda for utsending til eksterne adressatar, for eksempel innbyggjarar, departement, samarbeidspartar, leverandørar osv.

**N-notat:** Interne dokument (notat, rapportar osv.) som krev oppfølging og avskrivning i journalen. N-notat skal brukast som korrespondanse mellom einingane.

N-notat som ikkje er avskrive kjem fram på restanselista og seinare forfallslista.  
N-notat skal og avskrivast.

**X-notat:** Interne dokument (notat, rapporter osv.) som ikkje krev oppfølging og avskrivning i journalen. X-notat skal brukast som korrespondanse mellom einingane.

Notat kan ikkje brukast til korrespondanse der mottakar er ekstern.

X-notat er utan avskrivning. (høgreklikk på dokumentet i korga og vel "fjern frå liste")

**S-Sakspapir:** Med sakspapir meiner ein alle dokument som vert brukt til å skrive framlegg til vedtak ved politisk behandling og til å skrive vedtak ved administrativ behandling av ei arkivsak.

## 5 STATUSKODAR

### 5.1 Status arkivsaksnivå

- R** Reservert. Arkivsak er reservert av saksbehandlar. (Vil bli kontrollert av arkivet, som vil endre status til B.)
- B** Behandlast. Arkivsak er under behandling. (Kontrollert av arkivet).
- A** Avslutta. Arkivsaka er avslutta (Arkivet kan opne den.)
- U** Utgår. Arkivsaka utgår (Arkivet kan endre status.)
- X** Unntatt frå prosessstyring. Arkivsaka skal ikkje ha normal prosessstyring. (Arkivet kan endre status.) Ikkje i bruk i Øygarden kommune.

### 5.2 Status dokumentnivå (journalpost)

#### Status Inngående dokument:

- M** - Midlertidig journalført av arkivtenesta. (skanning ikkje fullført.)
- S** - Dokument er registrert av saksbehandlar eller leiar (arkivet vil kontrollere og endre til J.)
- J** - Journalført eller kontrollert av arkivtenesta. Standardverdi ved ferdig registrering av ny journalpost i arkivet. Journalposten vert deretter inkludert i den offentlege journalen etter tilgangskode og avskjermingsreglar.

I WebSak vil journalposter med status J, vise umiddelbart i saksbehandlar sin innboks og eventuelt restanseliste.

Dersom journalposten skal fordelast av leiar, legg ikkje arkivet inn leiars initialar ved registrering av journalposten, berre eining. Journalposten vil då vise i leiaren si liste over journalposter som ikkje er fordelt.

Det vert oppretta eit arkivverdig dokument i pdf format når status J vert sett.

#### Status andre dokument

Eigenproduserte dokument U-utgåande dokument, N- og X –dokument og S - sakpapir:

- R** - Reservert. Markerer at dokumentet som er registrert, er reservert for leiar/SB.
- F** - Ferdig frå leiar/SB. Når dokumentet er kontrollert og godkjent av leiar/SB. Dokumenta skal skrives ut, signerast og ekspederast.
- J** - Journalført og kontrollert av arkivtenesta. Det vert oppretta eit arkivverdig dokument i pdf format.

### 5.3 Tilgangsbegrensning i WebSak

Avhengig av gradering og avskjerming som er satt på arkivsak og dokument, vil alle som er registrert som bruker i WebSak automatisk få lov å lese all offentlig informasjon.

Opplysningar som er Unnateke frå offentlegheita, vil berre vere tilgjengeleg for dei som har utvida rettar i systemet.

I kommunen vert følgjande tilgangskoder (graderingskoder) brukt:

- U** - Unnateke frå offentlegheita
- P** - Unnateke frå offentlegheita (for personalsaker)
- PP** - Unnateke frå offentlegheita (for personalsaker - strengt fortruleg)
- E** - Unnateke frå offentlegheita (for elevsaker)

## 6 DOKUMENTFLYT I WEBSAK

### Mottak og registrering av dokument:

- Dokument (inkludert e-post og telefaks) som arkivtenesta registrerer og skannar i WebSak, vil fortløpande verta elektronisk tilgjengeleg.
- Dokument som saksbehandlarane sjølv opprettar/registrerar i eksisterande eller ny arkivsak (eigenproduserte dokument, e-post og digitale telefaksar), vil fortløpande verta elektronisk tilgjengeleg for brukarar av systemet.
- Alle andre dokument inkl. telefaks på papir som den enkelte mottok direkte, skal sendast til arkivtenesta for registrering og skanning.

### Ekspedering:

- Når saksbehandlarproduserer eit dokument som krev godkjenning, vert det sendt dokument elektronisk til leiar for godkjenning ved bruk av flagget. Leiaren gjer rettingar/kommentarar elektronisk og returnerer dei godkjente dokumenta elektronisk tilbake til saksbehandlar.
- Saksbehandlar skriv ut dokumenta med eventuelle vedlegg, sørgjer eventuelt for signering og ekspederer dokumentet ut
- Arkivtenesta oppdaterer den elektroniske journalen.

## 7 RUTINER FOR LEIARAR OG STEDFORTREDERAR

### 7.1 Leiaren sitt ansvar for gradering av dokument

Leiar har ansvar for å følgje opp dokument som er gradert "Unnateke frå offentlegheita" av arkivtenesta/saksbehandlar for å sikre at desse vert riktig gradert.

#### 7.1.1 Framgangsmåte og ansvar for gradering av dokument og saker

1.	Leiar/saksbehandlar skal vurdere brev (både inn- og utgåande) i etter offentlighetslova, jf kapittel om offentlig journal (postliste) i arkivrutina.	LED/SB
2.	Arkivtenesta skal foreslå evt. gradering av eit dokument.	ARK
3.	Dersom arkivtenesta er i tvil om gradering/paragraf, skal IOF (ikkje vurdert for offentlig innsyn) først på, og senda e-post til leiar/saksbehandlar. Leiar/saksbehandlar må ta stilling til gradering/paragraf og gje ei tilbakemelding til sentralarkivet.  Fristen for vurdering av gradering er inntil <u>2 arbeidsdagar</u> . Arkivtenesta følgjar opp SB/LED.	ARK/LED
4.	Ved gradering av dokument vert IOF endra til riktig paragraf, avskjermingskode og gradering.	ARK
5.	Ved oppheving/avgradering vel "tøm feltar" så OK	ARK

### 7.2 Restanseoppfølging for eininga

#### Oppgåver:

Følgje opp restanselister for eiga eining (og evt. andre einingar man måtte ha leiaransvar for), både for eininga og for den enkelte saksbehandlar.

#### Ansvar og tidspunkt:

Leiar: månadleg.

#### Framgangsmåte:

	Saksbehandlarprosedyre	Ansvar
1.	Restanseoversikt vert henta fram via menyen "Rapporter" og menyvalet "Restanseliste".  I restanselista kan leiar få oversikt over alle restansar i eininga i gitte periodar, dvs. journalposter som skal besvarast/følgjast opp, men som ikkje har blitt besvart/avskrive på rett måte i WebSak. Dokument som har forfalle eller forfell om mindre enn 5 dagar, vert vist med rødt i lista.  Den enkelte saksbehandlar vil til eikvar tid sjå si eiga	LED/SF

	restanseliste på arbeidsbordet i WebSak. I <i>Restanselista</i> -rapporten kan leiar søkje fram den enkelte saksbehandlars restansar for å følgje opp.  Man ryddar restanselista ved å avskrive.	
2.	Dersom leiaren ikkje er tilgjengeleg, skal stedfortredar følgje opp restansane.	SF

### 7.3 Elektronisk godkjenning av dokument

Oppgåver:

Godkjenning av dokument, politiske og delegerte saker.

Ansvar og tidspunkt:

Leiar: dagleg.

Framgangsmåte:

	Saksbehandlarprosedyre	Ansvar
1.	Hent opp korga "til godkjenning" Klikk på journalposten og les dokumentet, gjer eventuelle endringar. Lukk dokumentet, la status stå til R. (det er saksbehandlar som skal endre frå R til F)	LED
2.	Klikk på flagg, merk oppgåva, vel "godkjenn", skriv inn ev. merknad, - Trykk send. Korga vert sendt til godkjenning og vert oppdatert hjå saksbehandlar. Flagget vert no grønt.	LED
3.	Dersom leiaren ikkje er tilgjengelig, godkjenner stedfortreder.	SF

### 7.4 Elektronisk godkjenning og vidaresending til neste leiar for godkjenning.

Oppgåver:

Godkjenning og sendt til vidare godkjenning.

Ansvar og tidspunkt:

Leiar: daglig.

Framgangsmåte:

	Saksbehandlarprosedyre	Ansvar
1.	Hent opp korga til godkjenning. Klikk på journalposten og les dokumentet, gjer eventuelle endringar. Lat att dokumentet, la status stå til R. (det er saksbehandlar som skal endre frå R til F)	LED
2.	Vidare sending til godkjenning. Klikk på flagget, merk oppgåva, "vel godkjenn", vel vidare "send godkjenning", vel "til": legg inn initialar til leiar, skriv evt. merknad, - trykk "send".	LED
3.	Endelig godkjenning Klikk på flagget, merk oppgåva, "vel godkjenn", skriv inn evt.	LED

	merknad, - Trykk send. Korga "sendt til godkjenning" vert oppdatert hjå saksbehandlar. Flagg vert no grønt.	
4.	Dersom leiaren ikkje er tilgjengeleg, er det stedfortredar som skal godkjenne.	SF

## 7.5 Elektronisk endring i dokument og ikkje godkjenning.

### Oppgåver:

Endring i dokument og ikkje godkjenning av dokument.

### Ansvar og tidspunkt:

Leiar: dagleg.

### Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre</b>	<b>Ansvar</b>
1.	Hent opp korga til godkjenning. Klikk på journalposten og hent opp tekstdokumentet.  Slå på sporendringar i Word, før du gjer endringar i Word dokumentet. Vel "verktøy" og spor endringar. Gjer endringar direkte i dokument. (Endringane vert synleg for saksbehandlar, og saksbehandlar må bekrefte dei.)  Lagre, lukk Word Sjekk inn dokument. (la journalstatus stå til R)	LED/SF
2.	Ikkje godkjenning. Klikk på flagg, merk oppgåva, vel " <u>Ikkje godkjenning</u> ", , skriv evt. merknad, - Trykk send. Korga sendt til godkjenning vert oppdatert hjå saksbehandlar. Flagg vert no grønt.	LED
3.	Dersom leiaren ikkje er tilgjengeleg, er det stedfortredar som godkjenner.	SF

## 7.6 Sende dokument til høyring.

### Oppgåver:

Legg inn oppgåva for uttale

### Ansvar og tidspunkt:

Leiar/saksbehandlar: dagleg.

### Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre</b>	<b>Ansvar</b>
1.	Hent opp journalposten som dannar grunnlaget for høyringa. Journalstatus på dokument til høyring, bør være F	LED/SB
2.	Klikk på flagget, vel "lag ny", vel "Send til uttale". <b>Til:</b> vel knappen "fleire" for å leggja inn alle som skal få høyringsdokumentet, klikk "ok" for å gå tilbake. Skriv evt. merknad. Trykk "send". Flagget vert no rødt.	LED/SB

3.	Viss ikkje leiar er tilgjengelig utfører Stedfortreder jobben	SF
----	---	----

## 7.7 Svare på elektronisk høyring/uttale.

### Oppgåver:

Svare på oppgåva for uttale

### Ansvar og tidspunkt:

Leiar/saksbehandlar: dagleg.

### Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre</b>	<b>Ansvar</b>
1.	Korga: Flagg meldingar - Hent opp journalposten som dannar grunnlaget for høyringa.	LED/SB
2.	Klikk på flagg, Klikk på oppgåva. Du har to val, ingen merknad og merknad.	LED/SB
	<b>Ingen merknad,</b> Vel ingen merknad Vel Gi uttale Til: fylles ut med den som sendte. Trykk "send".	LED/SB
	<b>Med merknad,</b> Vel merknad Vel Gi uttale Til: fylles ut med den som sendte. Skriv inn merknad i feltet eller opprett eit notat. Trykk "send".	LED/SB
3.	Viss ikkje leiaren er tilgjengeleg, utfører Stedfortreder jobben	SF

## 8 PROSEDYRAR FOR LEIAR/SAKSBEHANDLAR

### 8.1 Kontrollrutinar og ansvar ved gjennomgang av ny inngående post

Oppgåva:

Lese og kontrollere nye inngående dokument som er registrert av arkivtenesta.

Ansvar og tidspunkt:

Saksbehandlar: dagleg/ved behov.

Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre</b>	<b>Ansvar</b>
1.	Hent frem riktig journalpost frå korga "Innboks" eller "Restanse" i WebSak.	SB
2.	Kontroller at rett saksansvarleg er satt, og at dokumentet er distribuert riktig. Ved feildistribuerte dokument, send melding til postmottak.	SB
3.	Merknader som er ført av arkivet på sak/journalpost skal lesast.	SB
4.	Kontrollere dokumentbeskriving og gje arkivet tilbakemelding via postmottak dersom den må endrast.	SB
5.	Tilgangskode (gradering) og tilgangsgruppe skal kontrollerast og evt. korrigerast. Det er viktig at ein er nøye med registreringane og sjekkar grundig. Det er leiaren som har ansvar for at graderinga er riktig, kontakt difor leiarane om ein er i tvil.	SB/LED
6.	Før på svarfrist og eventuelle merknadar/kommentarar for saksbehandlinga på journalpostens merknadsfelt i WebSak. Kommentarar kan eksempelvis være avklaringar vedk. juridiske forhold, tidsfristar og forslag til korleis saka skal behandlast.	SB
7.	Legg til andre leiarar/saksbehandlarar i verksemda som kopimottakar av journalposten dersom dette er nødvendig.	SB

## 8.2 Behandling og oppfølging av inngående post

### Oppgåva:

Svare på inngående post. Sikre journalføring og arkivering av utgåande dokument, sikre gjenfinning av dokument og ivareta krav til offentlegheit. Inngående brev og N-Notat må alltid avskrivast, for at dei skal forsvinne frå restanse og forfallslistar.

### Ansvar og tidspunkt:

Saksbehandlar: dagleg/ved behov.

### 8.2.1 Brev og notat som skal avskrivast, men som ikkje vert svart på skriftleg.

#### Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre:</b>	<b>Ansvar:</b>
1.	Hent frem riktig journalpost frå korga "Innboks" eller "Restanse" i WebSak. Gjennomfør kontrollrutinar etter <u>Kontrollrutinar og ansvar ved gjennomgang av inngående post</u>	SB
2.	Saksbehandlar er ansvarleg for at inngående dokument (I) og notat (N) som krev oppfølging, vert avskrive.  Journalposter med dokument som ikkje krev skriftleg svar, avskriv saksbehandlaren sjølv i journalen under valet: "diverse" (Avskriv. oppl) med henvisning til kva måte dokumentet er svart på, for eksempel TE (til etterretning), TLF (telefon) o.a. Saksbehandlar kan i tillegg påføre journalposten ein saksbehandlingsmerknad med ei kort beskriving av resultatet.  Når journalpostar vert avskrive, forsvinner dei frå korga "restanse" (evt. innboks)  Korga som inneheld journalpostar utan restanse, kan fjernast ved å høgreklikka i korga - vel "fjern frå liste".	SB
3.	Dersom det ikkje vert forventa fleire dokument i saka, påfører saksbehandlar merknad av type <b>ØA</b> (Ønskes avslutta) på <b>arkivsaka</b> .	SB/ARK

## 8.2.2 Brev og notat som vert svart med utgåande brev eller notat

### Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre</b>	<b>Ansvar</b>
1.	Hent frem journalpost frå korga " <i>Innboks</i> " eller " <i>Restanse</i> " i WebSak. Gjennomfør kontrollrutinar etter: <u>Kontrollrutinar og ansvar ved gjennomgang av inngåande post.</u>	SB
2.	Vel riktig svarmåte frå knappen <i>Meny</i> på den valte journalposten. Du kan velje mellom følgjande måtar å svare på:  For inngåande brev (dokumenttype I): <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Besvar og avskriv restanse</b> (fjerner den inngåande journalposten frå restanselista og vert brukt ved utsending av svar)</li> <li>▪ <b>Førebels svar</b> (den inngåande journalposten vil framleis liggje i restanselista, men det vert påført informasjon på journalposten om at førebels svar har blitt sendt)</li> <li>▪ <b>Besvar utan å avskrive</b> (den inngåande journalposten vil framleis liggje i restanselista)</li> </ul> For inngåande notat (dokumenttype N): <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Besvar notat</b> (fjerner den inngåande journalposten frå restanselista dersom journalposten du svarar på er av type N).</li> </ul>	SB
3.	Påfør nødvendige journalpostopplysningar. Eventuell intern kopi, tilgangskode (gradering) og tilgangsgruppe . Produser dokument ved å velje "tekstmal".	SB
4.	Produser eventuelle vedlegg til journalposten.	
5.	Ved trong for godkjenning frå leiar før eit dokument vert sendt, må saksbehandlar vente med å ferdigstille dokumentet til leiar har lest og evt. kommentert (journalstatus må være R).	SB
6.	Til godkjenning <a href="#">sjå punkt 8.4 i prosedyre</a> Klikk på flagget i journalposten. Saksbehandlar vel "lag ny", vel "Send til godkjenning", til "leiar initialar" trykk "send".  Leiar responderer med "godkjent/ikkje godkjent" inntil dokumentet er godkjent.	SB/LED
7.	Når dokumentet er endeleg godkjent frå evt. leiar, endrar leiar/saksbehandlar journalstatus til F (for ferdig).	LED/SB
8.	Utgåande dokument skrives ut, vert signert og sendt.	SB
9.	Arkivtenesta endrar status frå F til J (journalført) slik at dei kjem på offentleg journal (postliste).	ARK
10.	Dersom det ikkje vert forventa fleire dokument i saka, påfører saksbehandlar merknad av type ØA (ønskes avslutta) på arkivsaka.	SB
11.	Skal du sende det utgåande dokument på e-post, bør det først lagast eit dokument i pdf format som skal sendast. <a href="#">Siå prosedyre 8.8.2</a>	SB

### 8.3 Utgåande brev (ekstern mottakar)

#### Føremål:

Sikre journalføring og arkivering av utgåande dokument, sikre gjenfinning av dokument og ivareta krav til offentlegheit.

#### Ansvar og tidspunkt:

Saksbehandlar. ved behov.

#### 8.3.1 Utgåande brev i ny sak

#### Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre</b>	<b>Ansvar</b>
1.	Sjekk korga "mine saker" om arkivsaka er oppretta, eller søk. Dersom saka ikkje fins frå før, vert ny sak reservert i WebSak ved å velje "Ny sak". Vær grundig ved val av sakstittel jf. <i>Skriveregler for registrering i WebSak</i> (nytt saksnummer tildeles automatisk ved lagring).	SB
2.	Opprett brevet ved å velje "Ny journalpost" og menyval "Nytt utgåande dokument".	SB
3.	Påfør nødvendige journalpostopplysningar. Eventuell intern kopi, tilgangskode (gradering) og tilgangsgruppe må leggjast inn. Produser dokument ved å velje riktig tekstmal.	SB
4.	Produser eventuelle vedlegg til journalposten via dok. knapp.	SB
5.	Ved behov for godkjenning frå leiar før dokument vert sendt til mottakar, må saksbehandlar vente med å ferdigstille dokument til leiaren har lest og evt. kommentert (journalstatus må være R).	SB
6.	Til godkjenning <a href="#">sjå punkt 8.4 i prosedyre</a> Klikk på flagget i journalposten. Saksbehandlar vel "lag ny", vel "send til godkjenning", til "leiar initialar" Trykk "send".  Leiar responderer med "godkjent/ikkje godkjent" inntil dokumentet er godkjent.	SB/LED
7.	Når dokumentet endeleg er godkjent frå evt. leiar, endrar saksbehandlar journalstatus til F (for ferdig).	SB/LED
8.	Dokument skrives ut, signerast og sendast.	SB
9.	Arkivtenesta endrar status frå F til J (journalført) slik at dei kjem på offentleg journal (postliste).	ARK
10.	Dersom det ikkje vert forventa fleire dokument i saka, påfører saksbehandlar merknad av type ØA (ønskes avslutta) på arkivsaka.	SB

### 8.3.2 Utgåande brev i eksisterande sak

#### Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre</b>	<b>Ansvar</b>
1.	Start med å hente opp arkivsaka ved å opne "mine saker" eller gjer eit søk for eksempel på eininga sine saker/journalposter, tittel, ordningsverdi m.m.	SB
2.	Vel saka du skal jobbe i frå korga eller søkeresultatet.	SB
3.	Dersom journalposten skal opprettast i ei arkivsak du ikkje sjølv er saksansvarleg for, må du be saksansvarleg/leiar/arkivet om å få tilgong til å jobbe i saka.	SB
4.	Opprett brevet ved å velje "Ny journalpost" og menyval "Nytt utgåande dokument".	SB
5.	Påfør nødvendige journalpostopplysningar. Eventuell intern kopi, tilgangskode (gradering) og tilgangsgruppe må leggjast inn. Produser dokumentet ved å velje tekstmal.	SB
6.	Produser eventuelle vedlegg til journalposten.	SB
7.	Viss behov for godkjenning frå leiar før dokumentet vert sendt, må saksbehandlar vente med å ferdigstille dokumentet til leiar har lest og evt. kommentert (journalstatus må være R).	SB
8.	Til godkjenning <a href="#">sjå punkt 8.4 i prosedyre</a> Klikk på flagget i journalposten. Saksbehandlar vel "lag ny", vel "send til godkjenning", til "leiar's initialar" Trykk "send".  Leiar responderer med "Godkjent/Ikkje godkjent" inntil dokument er godkjent.	SB/LED
9.	Når dokument er endelig godkjent frå ev. leiar endrar saksbehandlar journalstatus til F for Ferdig.	SB/LED
10.	Dokument skrives ut, signerast og sendes.	SB
11.	Arkivtenesta endrar status frå F til J (journalført) slik at dei kjem på offentleg journal (postliste).	ARK
12.	Dersom det ikkje vert forventa fleire dokument i saka, påfører saksbehandlar merknad av type ØA (Ønskes avslutta) på arkivsaka.	SB

## 8.4 Sende dokument til godkjenning

### Føremål:

Sende dokument til leiar for elektronisk godkjenning.

### Ansvar og tidspunkt:

Saksbehandlar: ved behov.

### Framgangsmåte:

	<b>Saksbehandlarprosedyre</b>	<b>Ansvar</b>
1.	Hent frem riktig journalpost som skal sendast. Status skal være R.	SB
2.	Klikk på flagget	SB
3.	Vel "lag ny"	SB
4.	Vel "send til godkjenning" Til "leiars initialar" Klikk på knappen "send". Flagget vert rødt, til det er godkjent/ikkje godkjent frå leiaren.	SB
5.	Journalposten ligg no i korga sendt til godkjenning, her vil den liggje til den er godkjent.	SB

## 8.5 Når eit dokument ikkje vert godkjent

### Føremål:

Endre i eit ikkje godkjent dokument for så å sende det på nytt.

### Ansvar og tidspunkt:

